




Sluttrapport: Leve heile livet i eigen bustad

i Ørsta kommune





Samandrag

Gjennom prosjektet «Leve heile livet i eigen bustad» har Ørsta kommune ønska å bidra til at innbyggjarane gjer kloke val og tilrettelegging av eigen busituasjon gjennom heile livsløpet.

Endring i befolkningssamansetning dei neste åra vil gradvis gje ein stor auke i tal eldre over 67 år, og vil samtidig gje om lag tilsvarande færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder og mangel på arbeidskraft. For mange vil ein god og tilgjengeleg bustad i alle livsfasar minimere eller utsette behovet for omfattande hjelp frå ei stadig meir pressa kommunal omsorgsteneste.

Berre rundt 20% av norske bustadar er definert som eigna eller tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne. Gjennom prosjektet har Ørsta kommune arbeidd målretta med informasjon til innbyggjarar, med forankring og støtte frå lokal byggenæring, Husbanken, bankar, kommunale fagområde, politikk, lag og organisasjonar. Dette slik at vi saman skapar moglegheit for at innbyggjarane kan gjere dei viktige og rette grepa for eigen busituasjon gjennom heile livsløpet.

For god kunnskaps- og informasjonsdeling til innbyggjarar og medspelarar har vi i prosjektperioden arrangert bustadmesser, fleire temamøter, hatt mange foredrag for ulike grupper, nytta lokalpressa og kommunen si heimeside.

Måloppnåing:

- Vi har nådd ut til mange innbyggjarar gjennom breitt informasjonsarbeid. Dette har gjeve refleksjonar og vidare spreining av informasjonen mellom innbyggjarane. Mange har fått nye tankar om bustaden sin med ny kunnskap
- Lokalavisa har vore ein viktig medspelar for å spreie kunnskap om temaet. Dette ønskjer dei å fortsette med i tida framover også



- Ergoterapeutane melder at fleire enn før tek kontakt for ei vurdering av eigen heim
- Økonomiavdeling melder at fleire no søker startlån og tilskot. Kommunestyret har auka tilgjengeleg ramme ekstraordinært med 18 millionar i år som følgje av tilbakemeldingar frå mellom anna byggenæringa. I framlegg til budsjett 2024 er det fremma vesentleg meir til dette formålet enn tidlegare år
- Byggefirma, innbyggjarar og kommune har fått meir kunnskap om Husbanken sine låne- og tilskotsordningar. Husbanken er ein viktig finansieringsaktør no i dyrtid
- Ergoterapeutane, representantar for startlån/tilskot og byggesaksavdeling opplever eit betre samarbeid på tvers i bustadsakar. Prosjektet har skapt ei større felles forståing for å finne gode løysingar
- Prosjektet har gitt informasjon og kunnskap slik at det generelt er meir forståing og samarbeid på tvers av kommunalområda i høve dette temaet
- Fleire politiske parti hadde ved sist kommuneval punkt i sine valprogram som støtta under fleire av prosjektet sine målsettingar
- Byggenæringa har fått auka fokus på tilgjengelegheit i bustaden og i tilgrensande uteområde, både i nye prosjekt og ved tilpassingar/ rehabilitering av eksisterande bygg
- Innbyggjarane / kundane har betre kunnskap om kva som er ein tilgjengeleg bustad, kva verdi dette har gjennom livsløpet og vil i større grad enn før spørje etter dette
- Ergoterapien har laga eigna brosjyre om kva som er viktig å vektlegge når ein skal kjøpe eller leige ny bustad
- Gjennom prosjektperioden er det delt ut om lag 250 KS-temahefter «En bolig for hele livet»
- Råd for likestilling av funksjonshemma og Eldrerådet har vore representert i prosjekt- og arbeidsgruppe. Dette har gjeve gode innspel,



diskusjonar og forankring av prosjektet. Råda vil ha med seg kunnskap om temaet i sitt vidare arbeid

- Nabokommunar (7-stjerna) har vore invitert til bustadmesser og gjennom dette fått informasjon om temaet som dei har teke med tilbake til sine kommunar

Det er vanskeleg å måle effekt på kort sikt, men vi har tru på at eit breitt informasjonsarbeid vil gje ringverknader i lokalsamfunnet over tid. Vi vil fortsette å vise dei gode eksempla på bustadtilpassingar og bustadbytte gjennom lokalavisa og på heimesida til kommunen.

Vi vonar å kunne repetere spørjeundersøkinga som var gjennomført i samband med reformarbeidet «Leve heile livet» for å måle effekten av prosjektet.



Om prosjektet – Leve heile livet i eigen bustad

Ørsta kommune har om lag 10900 innbyggjarar og vil å åra framover få ein kraftig auke i tal eldre over 67 år. Dei neste 20 åra er det forventa at tal personar over 67 år vert auka med om lag 900 personar og tal personar under 67 år vert redusert med om lag 1000 personar i Ørsta kommune. Medisinske framsteg og betre levekår aukar levealderen og for første gang opplever vi å ha to generasjonar pensjonistar på same tid. Dette gjev mange moglegheiter, men betyr også eit aukande press på kommunen sine omsorgstenester.

Samtidig som tal eldre veks, må Ørsta som lokalsamfunn forberede seg på aukande mangel på arbeidskraft, pårørande og frivillige som kan yte omsorg. Ein kan ikkje rekne med at tilbod om institusjonsplassar, omsorgsbustadar og omfattande offentleg hjelp vert auka i takt med andelen eldre i framtida, og vi må i større grad i tida framover spare på ressursane for å behalde velferdsstaten. Vi ser at ein god og tilrettelagd bustad i alle livsfasar vil auke innbyggjarane sin moglegheit til å klare seg sjølv lengst mogleg i eigen heim, utan eller med avgrensa behov for hjelp. For mange vil ein god og tilgjengeleg bustad utsette behovet for omfattande hjelp frå ei pressa kommunal omsorgsteneste.

I dag er berre rundt 20% av norske bustadar definert som eigna eller tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne. Den store andelen ikkje-tilgjengelege bustadar skapar hindringar og vanskar for ein sjølv eller dei nære om sjukdom, ulukke eller aldersrelatert funksjonstap oppstår.

Gjennom prosjektet har vi arbeidd målretta for å bidra til at innbyggjarane gjer kloke val og tilrettelegging av eigen busituasjon. Prosjektet har vore ein augeopnar for mange innbyggjarar, særleg for dei i aldersgruppa 65+, sjølv om vi har vektlagt at dette er viktig å tenke på i alle livsfasar. Vi har bedt innbyggjarane reflektere om dei må gjere endringar på bustaden sin slik at dei kan fortsette å bu der om dei sjølv eller deira næraste får mellombels eller varig



funksjonstap. Kva med vedlikehald, snømoking og hagearbeid? Vil dei klare det i framtida, har dei pårørande som kan hjelpe eller har dei økonomi til å leige tenester til dette? Om dei vel å flytte, har vi gjeve råd om kva som er viktige kriterier for val av ny bustad.

Det har også vore viktig å forankre prosjektet på tvers av fagområde og ulike samfunnsaktørar. Vi har hatt med oss lokal byggenæring, Husbanken og lokale bankar, politisk nivå, lag og organisasjonar og kommuneadministrasjon. Det er viktig at så mange som råd kjenner bakteppet og kva som skal til for å møte framtida på best mogleg måte slik at vi saman skaper moglegheit for at innbygarane kan gjere dei viktige og rette grepa for eigen busituasjon.

Kva har Ørsta kommune gjort?

1. Etablerte prosjektgruppe og arbeidsgruppe

Vi etablerte ei breitt samansett prosjektgruppe beståande av: Leiar for prosjektet (tidlegare bakgrunn frå eigedomsforvaltninga i kommunen), kommunedirektør, leiar for plan og byggesaksavdeling, kommuneoverlege, ergoterapeut, fysioterapeut og prosjektleiar for «Leve heile livet», leiar råd for funksjonshemma, leiar eldrerådet.

I tillegg etablerte vi ei arbeidsgruppe med fem medlemmar (plukka frå prosjektgruppa) som skulle arbeide med planlegging og praktisk gjennomføring av bustadmesser og temamøter.



2. Bustadmesse 23. november 2022

Ørsta kommune starta prosjektarbeidet med å arrangere ei bustadmesse. Denne var open for alle interesserte og gratis. Til å stå for programdelen inviterte vi ordførar, brukarrepresentant, prosjektleiar «Leve heile livet», ergoterapitenesta, Hjelpemiddelsentralen, Husbanken, lokale bankar og innleiarar som snakka om velferdsteknologi, 300-metersbyen Ulsteinvik og energisparande tiltak. Prosjektleiar for «Leve heile livet i eigen bustad» var programleiar under bustadmessa.

Lokale utbyggjarar og bustadfirma presenterte sine prosjekt og hadde utstillingar. Husbanken, lokale bankar, kommuneadministrasjon (plan, byggesak, brann), ergoterapitenesta, lag og organisasjonar hadde også utstillingar.

Vi inviterte breitt, og i tillegg til avisannonse og kommunen si heimeside, sende vi mange invitasjonar via e-post til mellom anna lokal byggenæring, politisk nivå, lag og organisasjonar, nabokommunane (7-stjerna). Vi nytta lokalpressa til å skrive om temaet og annonserte i forkant slik at arrangementet vart gjort godt kjent. Bustadmessa vart godt besøkt og positivt motteken. Mange gode tilbakemeldingar frå frammøtte om at dette var eit viktig tema som gav refleksjonar om framtidig busituasjon.

3. Utforma presentasjon om temaet

Nytta ulike forskingsrapportar, handbøker, temahefter, info frå Husbanken og utforma ein presentasjon som skulle nyttast til informasjonsarbeid. Denne femna breitt: Alt frå befolkningsutvikling/forventa levealder, framskrivingar tal yrkesaktive per pensjonist, om ungt utanforskap som påverkar tal yrkesaktive, tal tilgjengelege bustadar i dag, meir bruk frivillige i framtida, meir vanleg å kjøpe tenester i framtida, nye buformer (forslag og konsept), Husbanken sine verkemiddel ++



Ergoterapitenesta i kommunen laga sin eigen presentasjon med råd om tilrettelegging av bustad.

Det var ei viktig målsetting med presentasjonen å få fram følgjande utfordringsbilde:

- Fleire eldre byr på moglegheiter, men betyr også eit aukande press på kommunen sine omsorgstenester
- Oljealderen nærmar seg slutten og vi må spare på ressursar for å behalde velferdsstaten
- Samtidig som andelen eldre veks, må vi forberede oss på aukande mangel på arbeidskraft, pårørande og frivillige som kan yte omsorg
- Ein kan ikkje rekne med at tilbod om institusjonsplassar, omsorgsbustadar og omfattande offentleg hjelp vert auka i takt med andelen eldre i framtida.

4. Mykje informasjonsarbeid gjennom prosjektperioden

Mykje informasjonsarbeid gjennom prosjektperioden, ofte saman med ergoterapien i kommunen. Info til politisk nivå (kommunestyre, levekårutval, råd for likestilling av funksjonshemma, eldreråd), pensjonistforbundet, leiarar i helse, omsorg og velferd ØK, losje-foreining, info til finske representantar på studiebesøk, interesseorganisasjonane for funksjonshemma i Ørsta, Info til nabokommunar, Rådet for personar med nedsett funksjonsevne (fellesmøte mellom RFF Ørsta, RFF M&R fylkeskommune og RFF 7-stjerna/nabokommunar)

5. Informasjonsformidling i lokalpressa og på kommunen si heimeside

Lokalavisa har vore ein viktig medspelar. I tillegg til at vi har formidle prosjektet sine egne artiklar gjennom avisa, har avisa også på eige initiativ skrive og gjeve ekstra merksemd om komande arrangement. Prosjektleiaren har hatt jamleg kontakt med redaktør i lokalavisa i heile prosjektperioden for å informere og



samtale om kor viktig prosjektet er for oss som lokalsamfunn. I fortsettinga har avisa ønskje om å skrive meir om temaet og lage reportasjar om personar som har gjort endringar av bustaden sin.

Informasjonskonsulent i kommunen har bidrege med utforming av logo og skriftdesign for prosjektnamn og tekst. Ho har teke bilete under arrangement og publisert informasjon, artiklar og bilete på heimesida og Facebook.

6. Temamøte 1: Lokal byggenæring og planavdelinga i kommunen

Formål med møtet var å utveksle informasjon og erfaringar slik at vi saman planlegg lokalsamfunnet for framtida. Vi hadde fokus på korleis innbyggerane kan leve lengst mogleg i eigen bustad og legge til rette for utvikling av eit samfunn for alle livsfasar.

Kommunen ønska dialog om byggenæringa si erfaring og synspunkt i det vidare arbeidet og vi spurte om følgjande: Korleis ønskjer vi at ørstasamfunnet skal formast? Kvar bør bustadane ligge, kva med transport, butikkar og tenestetilbod, kva med uteområde og møteplassar, kva etterspør kundane, kva med dei ulike bygdelaga, kven skal planlegge nye bustadfelt? Tilbakemeldingar vart gjevne i dialog og på arbeidsstasjonar der ein skulle gje skriftlege innspel.

I forkant sende prosjektleiar invitasjon og informasjon om temamøtet til lokal byggenæring per e-post (utbyggjarar, byggefirma, byggtekniske konsulentar og arkitektar og liknande) Følgde også opp med telefonsamtale med kvart firma for å informere om prosjektet og påverke dei til å delta.

Nytta lokalpressa i forkant for å skrive om temamøtet og annonsering. I tillegg til Ørsta kommune si heimeside.



7. Temamøte 2: Lokal byggenæring og ergoterapien i kommunen

Ørsta kommune inviterte lokal byggenæring til temamøte. Tema var mellom anna korleis byggebransjen kan imøtekomme framtidens behov i høve bustadar. Ergoterapien gav tips og råd kring utforming av aldersvenlege bustadar. I tillegg vart det på møtet informert og snakka om ulike type bustadar og buformer, offentleg-privat samarbeid, Husbanken sine verkemiddel med meir.

I forkant sende prosjektleiar invitasjon og informasjon om temamøtet til lokal byggenæring per e-post (utbyggjarar, byggefirma, byggtekniske konsulentar og arkitektar og liknande) Følgde også opp med telefonsamtale med kvart firma for å informere om prosjektet og påverke dei til å delta.

Nytta lokalpressa i forkant for å skrive om temamøtet og annonsering. I tillegg til Ørsta kommune si heimeside.

8. Temamøte 3: Lokal byggenæring, Husbanken og ekstern areal- og samfunnsplanleggar

Møte med særskild fokus på korleis lokal byggenæring kan nytte Husbanken sine verkemiddel både i eigen regi eller i samarbeide med kommunen (tilvisingsavtale). Var også innom tema kring startlån- og tilskotsordninga i kommunen. Informasjon, spørsmål og svar.

Ekstern areal- og samfunnsplanleggar, og medforfatter av «En bolig for hele livet», snakka om kvifor bustad og tilgrensande uteområde er så viktig. Både kommunen og byggenæringa har eit ansvar for å planlegge og bygge gode bustadar som møter framtida sitt bustadbehov. God framstilling som gav dialog og refleksjonar blant dei frammøtte.

9. Bustadmessa 26. oktober 2023

Ei vidareføring av bustadmessa frå førre år. Litt endring på innhald og form då prosjektet er meir konkretisert gjennom året. Bustadmessa var open for alle



interesserte og gratis. Til å stå for programdelen inviterte vi ordførar, brukarrepresentantar, ekstern areal- og samfunnsplanleggar og medforfatter av «En bolig for hele livet», ergoterapitenesta, Husbanken, Ørsta kommune si startlån-/tilskotsordning, lokale bankar, Ålesund kommune om nye butilbod. Prosjektleiart for «Leve heile livet i eigen bustad» var programleiart under bustadmessa.

Lokale utbyggjarar og bustadfirma presenterte sine prosjekt og hadde utstillingar. Husbanken, lokale bankar, startlån/tilskot, ergoterapitenesta hadde også utstillingar.

Vi inviterte breitt, og i tillegg til avisannonse og kommunen si heimeside / Facebook, sende vi mange invitasjonar via e-post til mellom anna lokal byggenæring, politisk nivå, lag og organisasjonar, nabokommunane (7-stjerna). Vi nytta lokalpressa til å skrive om temaet og annonserte i forkant slik at arrangementet vart gjort godt kjent. Bustadmessa vart godt besøkt og positivt motteken. Mange gode tilbakemeldingar frå frammøtte om at dette var eit viktig tema som gav refleksjonar om framtidig busituasjon.

10. Økonomi

Tilskot kr 498.000,- inkl mva frå Husbanken. I tillegg sponsa lokalbankane arrangementsutgifter (leige lokale, annonser og servering) til bustadmessene.

11. utfordringar

Byggenæringa: Tidkrevjande å få oversikt over dei mange aktørane i lokal byggebransje og lage liste over kontaktpersonar og e-postadresser. Lokal bransje har per i dag ikkje ein felles kontaktperson som kan koordinere og formidle spørsmål og svar som gjeld bransjen. Å skulle forholde seg til mange har gjeve lang responstid i høve nødvendige avklaringar. Teke mange telefonar til dei ulike kontaktpersonane for å informere om prosjektet og viktigeita med å delta på dei møtepunkta som vi har arrangert. Høgt tempo i bransjen og



vanskeleg å finne gode tidspunkt er ei utfordring og forklaring. Relativt godt oppmøte frå bransjen, men skulle gjerne hatt med enda fleire på møtepunkta vi har arrangert.

Kommuneadministrasjon: Prosjektet hadde hatt godt av meir tverrfagleg deltaking frå kommuneadministrasjonen. God deltaking av toppleiinga i starten av prosjektet, men vart mindre etter kvart. Stor aktivitet i arbeidskvardagen og vanskeleg å finne gode tidspunkt som passar mange.

12. Vidare arbeid

Prosjektperioden er no over, og vi meiner prosjektet si involvering av innbyggjarar, ulike samfunnsaktørar og fagområde har danna grobotn for meir aktivitet. Prosjektet har sett i gang ein tankeprosess blant mange i lokalsamfunnet, og vi har mellom anna eksempel på ei gruppe eldre som melder at dei ønskjer å engasjere seg særskilt i temaet i tida framover.

Blant dei kommunalt tilsette har mange fått same informasjon, kjenner utfordringsbildet og moglege løysingar. Dette har auka innsikta og samarbeidet på tvers av kommunalområda, og er også med på å spreie informasjonen vidare.

Ein vil også dra nytte av prosjektet inn i arbeidet med ny bustadsosial plan for kommunen, for framtidig arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel og oppfølging av reforma «Bu trygt heime».

Vi vonar å kunne repetere spørjeundersøkinga som var gjennomført i samband med reformarbeidet «Leve heile livet» for å måle effekten av prosjektet.

Startar om kort tid nytt Husbank-prosjekt «Innovative bukonsept i Ørsta». Skal sjå på moglegheit for å utvikle nye sentrumsnære bustadkonsept / buområde



med målsetting om god generasjons- og sosial blanding. Skal utgreie
moglegheit for fellesfunksjonar/ -areal, møteplassar, finansieringsløyser, kjøps- og utleigemodellar og liknande.

Irene Graskopf

Seniorrådgjevar

Prosjektleder «Leve heile livet i eigen bustad»